

Saksbehandlar: Arvid Stenehjøm, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 16/3468-3

Fråværsstatistikk - 2. kvartal 2016

Fylkesrådmannen rår hovudsamarbeidsutvalet til å gjere slikt vedtak:

Hovudsamarbeidsutvalet tek statistikken over sjukefråværet til orientering og ber einingane følgje opp dei sjukmelde og arbeide for å identifisere årsaker og finne mottiltak til fråværg som kan vere arbeidsmiljørelaterte.

Vedlegg: Hovudtabell 2. kvartal 2016

Andre dokument som ikkje ligg ved: Statistikkgrunnlag og andre hjelpetabellar og rekneark.

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Fråværsstatistikk generelt skal tene som grunnlag for å avdekkje mogelege problem i arbeidsmiljøet. Analyse av statistikk på individnivå kan bidra til å identifisera arbeidstakarar som treng spesiell oppfølging frå eininga eller med bistand frå andre støttespelarar som til dømes vår leverandør av bedriftshelsetenester Stamina Helse AS, NAV Arbeidslivssenter eller frå Frm-personal. Framlegging av sjukefråværstal og statistikk har heimel i arbeidsmiljølova [§ 5-1](#) og i folketrygdlova [§ 25-2](#).

Dei samla registrerte fråværstala syner status quo samanlikna med andre kvartal i 2015. Vi registrerte no som då ved andre kvartal eit samla fråværg på 4,5 %. I høve stabiliseringsmålet på gjennomsnittleg 5 % ligg vi ved dette kvartalet 0,5 prosentpoeng under.

Tre einingar/LAMU-område rapporterte fråværg på gjennomsnittleg seks prosent og høgare no ved andre kvartal. Desse einingane vert som tidlegare beden om å utarbeida ei særskild analyse og å tilbakemelde dette til rådmann – jf. sak 09/63-1. Hensikta er at eininga skal kommentere fråværet sitt og leite ekstra etter mogleg samanheng med forhold i arbeidsmiljøet og kva eventuelle tiltak eininga ser for seg kan setjast inn for å motverke slike fråværg.

Når LAMU drøftar fråværstala i sine møter vil utvikling av fråværet, storleik på fråværet og skilnader mellom kjønna vere tema. Kvifor er det skilnad i fråværet mellom kvinner og menn i einingar med tilnærma lik samansetjing mellom kjønna? Kan det vere betimeleg å undersøke samanhengane mellom arbeidsmiljøet og sjukefråværet? «Normalavvik» syner forskjellar på 1 til 2 prosentpoeng. LAMU tek desse forholda opp i sine kvartalsvise møter der fråværet på individnivå vert handsama.

2. Andre kvartal 2016

Statistikken frå Sogn og Fjordane fylkeskommune omfattar ansvarsområda opplæring, tannhelsetenesta og sentraladministrasjonen kvar for seg. Sentraladministrasjonen inkluderer tilsette på fylkeshusert i Leikanger og sentraladministrasjonen sin del av næring- og kulturavdelinga inkludert andre avdelingar sine satellittkontor lokalisert til Storehagen Amfi i Førde. Under nemninga «Andre» har vi samla resten av organisasjonen.ⁱ

2. kvartal 2016										
Br.	Org.	Mogelege dagsverk netto	Eigenmeldte frávær dagsverk	Sjukmeldte 1-3 dagar tal tilfelle	Frávær 1-3 dagsverk	Frávær 4-16 dagsverk	Frávær 17-56 dagsverk	Frávær >56 dagsverk	Totalt frávær dagsverk	Frávær prosent
Kvinner	Sentraladm.	5263,1	37,3	197,6	36,7	59,3	138,9	0	234,9	4,5
Menn	Sentraladm.	6604,5	15,8	78	18,8	38,4	31,8	4,8	93,8	1,4
Sum Totalt	Sentraladm.	11867,6	53,1	275,6	55,5	97,7	170,7	4,8	328,7	2,8
Kvinner	Opplæring	28897,3	137,1	1360,2	120,9	376,4	789,6	210,4	1497,2	5,2
Menn	Opplæring	24479,4	121,7	862	109,4	303,5	426,1	144,7	983,6	4,0
Sum Totalt	Opplæring	53376,7	258,8	2222,2	230,3	679,9	1215,7	355,1	2480,8	4,6
Kvinner	Tannhelse	5284,6	42,5	295	35,7	114,9	167,9	19	337,5	6,4
Menn	Tannhelse	699	7	35	7	29	6	0	42	6,0
Sum Totalt	Tannhelse	5983,6	49,5	330	42,7	143,9	173,9	19	379,5	6,3
Kvinner	Andre	1220,7	9,9	71	7,4	44	25,3	4,2	80,9	6,6
Menn	Andre	546,3	0	9	0	9	0	0	9	1,6
Sum Totalt	Andre	1767	9,9	80	7,4	53	25,3	4,2	89,9	5,1
Sum totalt kvinner		40665,7	226,8	1923,8	223,3	674,2	982,8	233,6	2150,5	5,3
Sum totalt menn		32329,2	144,5	984	154,8	373,3	436,9	144,7	1128,4	3,5
SUM		72994,9	371,3	2907,8	335,9	974,5	1585,6	383,1	3278,9	4,5

Tabell 1. Samla fráværstatistikk frå 2. kvartal 2016

Tabell 1 over viser det samla sjukefráværet for heile Sogn og Fjordane fylkeskommune (alle einingane) i 2. kvartal 2016. Vi registrerte eit samla frávær på 4,5 % ved dette kvartalet. Til samanlikning registrerte vi identiske tal, 4,5 %, ved andre kvartal i 2015. Sjå kommentarar knytt til sektorane under.

2. Kommentar til tenesteområda

Tenesteområde vidaregåande opplæring

Som vanleg registrerar nokre einingar særleg låge fráværstal medan andre viser høgare tal. Gjennomgåande viser dei vidaregåande skula moderate fráværstal dette kvartalet også. Der er likevel registrert fire einingar med frávær over stabiliseringsmålet på 5 %. Eg kommenterer kort desse einingane sitt frávær under. Gjennomsnittleg registrering for tenesteområdet er 4,6 % der kvinner er ute med 5,2 % av sin tilgjengelege arbeidsressurs og menn tilsvarande med 4,0 %.

2. kvartal 2016										
Br.	Org.	Mogelege dagsverk netto	Eigenmeldte frávær dagsverk	Sjukmeldte 1-3 dagar tal tilfelle	Frávær 1-3 dagsverk	Frávær 4-16 dagsverk	Frávær 17-56 dagsverk	Frávær >56 dagsverk	Totalt frávær dagsverk	Frávær prosent
Kvinner	Opplæring	28897,3	137,1	1360,2	120,9	376,4	789,6	210,4	1497,2	5,2
Menn	Opplæring	24479,4	121,7	862	109,4	303,5	426,1	144,7	983,6	4,0
Sum Totalt	Opplæring	53376,7	258,8	2222,2	230,3	679,9	1215,7	355,1	2480,8	4,6


Tabell 2. Statistikk frå opplæringssektoren andre kvartal 2016

Kommentar

Vi registrerar stabile, høvesvis moderate fráværstal ved tenesteeiningane. Seks einingar registrerar frávær på eller over rapporteringsgrensa på 6 % dette kvartalet. Desse er Sogndal, Fagskulen, Stryn og Måløy som i første kvartal har høvesvis 6,2 %, 5,5 %, 6,1 % og 6,2 %.

Dei einingane med frávær lik og større enn 6 % rapportere særskild til fylkesrådmann med analyse av fráværet.

ⁱ I gruppa «Andre» finn vi fylkesbiblioteket, fylkesarkivet inkl. kommunearkivordninga, PPT Eid/Vågsøy og sekretariatet for kontrollutvalet.



Grafikk 1.) Gjennomsnittleg fråvær begge kjønn ved tenesteområdet dei vidaregåande skulane (inkludert Fagskulen i Sogn og Fjordane og landlineskulen i Aurland)

Tabellen under viser kvar eining sine registreringar fordelt mellom høvesvis kvinner, menn og gjennomsnittet for begge kjønn.

Arbeidstad	KJ	Bemanning	Moglege dagsv. netto	Egenm. fråvær dagsv.	Sjukem. dagsv	S.fråvær 1-3 dagsv	Fråvær 4-16 dagsv	Fråvær 17-56 dagsv	Fråvær > 56 dagsv	Sum fråvær dagsv	Fråværs prosent
ÅRDAL VIDAREGÅANDE SKULE	K	32,0	1 605	7,9	55,1	7,9	32,7	2,1	20,4	63,0	3,93
ÅRDAL VIDAREGÅANDE SKULE	M	22,0	1 148	0,0	62,5	0,0	0,5	62,0	0,0	62,5	5,45
ÅRDAL VIDAREGÅANDE SKULE		54,0	2 752,5	7,9	117,6	7,9	33,2	64,1	20,4	125,5	4,56
SOGDAL VIDAREGÅANDE SKULE	K	99,0	5 259	15,8	328,5	19,8	41,1	259,8	23,6	344,4	6,55
SOGDAL VIDAREGÅANDE SKULE	M	76,0	4 264	17,0	231,9	16,0	33,0	138,2	61,7	248,9	5,64
SOGDAL VIDAREGÅANDE SKULE		175,0	9 522,6	32,8	560,4	35,8	74,1	398,0	85,3	593,3	6,23
HØYANGER VIDAREGÅANDE SKULE	K	19,0	1 000,3	4,2	69,7	4,2	0,0	0,0	69,7	73,9	7,39
HØYANGER VIDAREGÅANDE SKULE	M	17,0	931,4	7,5	3,0	10,5	0,0	0,0	0,0	10,5	1,13
HØYANGER VIDAREGÅANDE SKULE		36,0	1 931,7	11,7	72,7	14,7	0,0	0,0	69,7	84,4	4,37
MO OG ØYRANE VIDAREG SKULE	K	77,0	3 932	9,7	213,3	10,7	50,8	161,5	0,0	223,0	5,67
MO OG ØYRANE VIDAREG SKULE	M	91,0	4 820	20,8	148,6	16,7	69,0	77,5	6,3	169,5	3,62
MO OG ØYRANE VIDAREG SKULE		168,0	8 752,2	30,5	361,9	27,4	119,8	239,0	6,3	392,5	4,48
HAFSTAD VIDAREGÅANDE SKULE	K	50,0	2 543	7,2	27,3	7,2	4,5	22,8	0,0	34,5	1,36
HAFSTAD VIDAREGÅANDE SKULE	M	28,0	1 359	13,2	50,0	12,2	38,0	13,0	0,0	63,2	4,65
HAFSTAD VIDAREGÅANDE SKULE		78,0	3 902,2	20,4	77,3	19,4	42,5	35,8	0,0	97,7	2,50
FAGSKULEN I Sogn og Fjordane	K	9,0	413	0,0	54,5	0,0	0,2	54,3	0,0	54,5	13,21
FAGSKULEN I Sogn og Fjordane	M	20,0	995,1	0,0	23,0	0,0	23,0	0,0	0,0	23,0	2,31
FAGSKULEN I Sogn og Fjordane		29,0	1 407,7	0,0	77,5	0,0	23,2	54,3	0,0	77,5	5,51
DALE VIDAREGÅANDE SKULE	K	17,0	830	10,6	59,6	6,6	15,0	28,1	20,5	70,1	8,44
DALE VIDAREGÅANDE SKULE	M	22,0	1 089	10,7	6,0	7,5	9,2	0,0	0,0	16,7	1,63
DALE VIDAREGÅANDE SKULE		39,0	1 919,5	21,3	65,6	14,1	24,2	28,1	20,5	86,8	4,52
FLORA VIDAREGÅANDE SKULE	K	64,0	3 689	23,6	210,7	24,6	87,7	122,0	0,0	234,2	6,36
FLORA VIDAREGÅANDE SKULE	M	38,0	2 167	12,0	47,1	12,0	4,8	42,3	0,0	59,1	2,73
FLORA VIDAREGÅANDE SKULE		102,0	5 855,5	35,6	257,8	36,6	92,5	164,3	0,0	293,3	5,01
FIRDA VIDAREGÅANDE SKULE	K	43,0	2 203	11,6	36,0	12,6	14,0	10,4	10,6	47,5	2,16
FIRDA VIDAREGÅANDE SKULE	M	22,0	1 289	10,0	3,0	10,0	0,0	3,0	0,0	13,0	1,01
FIRDA VIDAREGÅANDE SKULE		65,0	3 492,0	21,6	39,0	22,6	14,0	13,4	10,6	60,5	1,73
STRYN VIDAREGÅANDE SKULE	K	32,0	1 619	8,7	128,1	4,5	21,8	44,9	65,6	136,8	8,45
STRYN VIDAREGÅANDE SKULE	M	30,0	1 654	12,0	49,5	12,0	21,0	0,0	28,5	61,5	3,72
STRYN VIDAREGÅANDE SKULE		62,0	3 272,6	20,7	177,6	16,5	42,8	44,9	94,1	198,3	6,08
EID VIDAREGÅANDE SKULE	K	47,0	2 441	9,5	74,6	6,5	50,8	26,7	0,0	84,1	3,44
EID VIDAREGÅANDE SKULE	M	35,0	1 903	7,5	92,3	7,5	16,5	27,6	48,2	99,8	5,25
EID VIDAREGÅANDE SKULE		82,0	4 343,9	17,0	166,9	14,0	67,3	54,3	48,2	183,9	4,23
MÅLØY VIDAREGÅANDE SKULE	K	39,0	2 044	21,3	96,4	15,3	51,8	50,6	0,0	117,7	5,78
MÅLØY VIDAREGÅANDE SKULE	M	35,0	2 016	7,0	127,6	4,0	76,0	54,6	0,0	134,6	6,68
MÅLØY VIDAREGÅANDE SKULE		74,0	4 059,7	28,3	224,0	19,3	127,8	105,2	0,0	252,3	6,21
SOGN JORD- OG HAGEBRUKSSKULE	K	29,0	1 320	7,0	6,5	1,0	6,0	6,5	0,0	13,5	1,02
SOGN JORD- OG HAGEBRUKSSKULE	M	16,0	845	4,0	17,5	1,0	12,5	8,0	0,0	21,5	2,64
SOGN JORD- OG HAGEBRUKSSKULE		45,0	2 164,6	11,0	24,0	2,0	18,5	14,5	0,0	35,0	1,62
Sum skulane 1. kv 2016	K	557,00	28897,40	137,10	1360,30	120,90	376,40	789,70	210,40	1497,20	5,18
Sum skulane 1. kv 2016	M	452,00	24479,30	121,70	862,00	109,40	303,50	426,20	144,70	983,80	4,02
Sum skulane 1. kv 2016		1009,00	53376,7	258,8	2222,3	230,3	679,9	1215,9	355,1	2481	4,65

Tabell 3) Andre kvartal 2016 frå tenesteområdet dei vidaregåande skulane

Tannhelsetenesta

Den offentlege tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane er organisert som ein institusjon med direktør for tannhelsetenesta som øvste leiar, deretter assisterande direktør, rådgjevar og førstetekonsulentar i sentral stab. Tannklinikane rapporterer til den sentrale staben. Kliniksjefen er lokal leiar med ansvar for dagleg drift og avgrensa personalansvar ved tannklinikane.

2. kvartal 2016										
		Mogelege	Eigenmeldte	Sjukmeldte	Fråvær	Fråvær	Fråvær	Fråvær	Totalt	
		dagsverk	fråvær	1-3 dagar	1-3	4-16	17-56	>56	fråvær	Fråværs
Br.	Org.	netto	dagsverk	tal tilfelle	dagsverk	dagsverk	dagsverk	dagsverk	dagsverk	prosent
Kvinner	Tannhelse	5284,6	42,5	295	35,7	114,9	167,9	19	337,5	6,4
Menn	Tannhelse	699	7	35	7	29	6	0	42	6,0
Sum Totalt	Tannhelse	5983,6	49,5	330	42,7	143,9	173,9	19	379,5	6,3

Tabell 4) Andre kvartal 2016 frå tannhelsetenesta

I andre kvartal i fjor (2015) registrerte tenesta eit samla snitt på 4,8 %. Tala viser no ein oppgang til 6,3 %. Når vi ser på klinikknivå viser dette at seks klinikkar/kontor som har null fråvær i perioden. Sju klinikkar/kontor har fråvær 6 % eller høgare. Samla registrerar tenesta 6,3 % og det utløyser kravet til eigenanalyse/eigenrapport frå eininga sitt LAMU for dette fråværet. Tannhelsetenesta er kjenneteikna av mange små eininga og vil med det få store prosentvise utslag om ein tilsett er ute i langtidfråvær.

Sentraladministrasjonen

Sentraladministrasjonen har hovudsete på Leikanger – fylkeshuset samt i Storehagen Amfi i Førde der kulturdelen av næring- og kulturavdelinga har hushald. I tillegg husar ein i Førde fleire kontorplassar for medarbeidarar frå fleire avdelingar i sentraladministrasjonen. Tilsette som høyrer til ytre kultursektor er plassert under gruppa *Andre*. Eininga er rimeleg sektordelt men har til felles at kontorarbeid kjenneteikna arbeidsmiljøet. Det er likevel variasjonar mellom sektorane/avdelingane både i storleik og sjukefråværstal. Små einingar med få tilsette vil få høge fråværstal rekna i prosent om ein eller få vert lenge borte frå arbeidet.

Samla sett registrerar sentraladministrasjonen låge fråværstal. Gjennomsnittet er 2,8 % der kvinner står for 5,4 % og menn 1,4 %. Men også innanfor denne eininga sprik det noko mellom avdelingane. I dette kvartalet er det fylkesrådmannstaben og løns- og rekneskapsavdelinga som «toppar» statistikken. Dei har høvesvis 35 og 8 tilsette med høvesvis 4,9 % og 5,3 % sjukefråvær. Dette er likevel relativt låge tal. Samla gjennomsnittleg fråværstal ligg framleis langt under resultatmålet for verksemda samla.

2. kvartal 2016										
		Mogelege	Eigenmeldte	Sjukmeldte	Fråvær	Fråvær	Fråvær	Fråvær	Totalt	
		dagsverk	fråvær	1-3 dagar	1-3	4-16	17-56	>56	fråvær	Fråværs
Br.	Org.	netto	dagsverk	tal tilfelle	dagsverk	dagsverk	dagsverk	dagsverk	dagsverk	prosent
Kvinner	Sentraladm.	5263,1	37,3	197,6	36,7	59,3	138,9	0	234,9	4,5
Menn	Sentraladm.	6604,5	15,8	78	18,8	38,4	31,8	4,8	93,8	1,4
Sum Totalt	Sentraladm.	11867,6	53,1	275,6	55,5	97,7	170,7	4,8	328,7	2,8

Tabell 5) Andre kvartal 2016 frå sentraladministrasjonen

Gruppa *andre*

I denne gruppa finn ein ytre kultursektor med fylkesbiblioteket, fylkesarkivet inkludert kommunearkivordninga, fylkesmusikarar, (fylkessenteret for musikkterapi) og PPT i Eid/Vågsøy og sekretariatet for kontrollutvalet.


2. kvartal 2016										
		Mogelege	Eigenmeldte	Sjukmeldte	Fråvær	Fråvær	Fråvær	Fråvær	Totalt	
		dagsverk	fråvær	1-3 dagar	1-3	4-16	17-56	>56	fråvær	Fråværs
Br.	Org.	netto	dagsverk	tal tilfelle	dagsverk	dagsverk	dagsverk	dagsverk	dagsverk	prosent
Kvinner	Andre	1220,7	9,9	71	7,4	44	25,3	4,2	80,9	6,6
Menn	Andre	546,3	0	9	0	9	0	0	9	1,6
Sum Totalt	Andre	1767	9,9	80	7,4	53	25,3	4,2	89,9	5,1

Tabell 6) Andre kvartal 2016 for gruppa *andre*

I denne gruppa finn vi eitt spenn mellom 0 % til 7,2 % fråvær. Fråværet er fordelt mellom kjønna slik; kvinner 6,6 % og menn 1,6 %. Her er både høvesvis store og små grupper av tilsette. Den største eininga i gruppa er fylkesarkivet (saman med kommunearkivet) som har 13 tilsette. Dei registrerar 5,1 % fråvær. Det er LAMU Ytre kultursektor som rapporterer frå dette tenesteområdet.

3. Utvikling over tid

Dei grafiske framstillingane under viser det registrerte fråværet frå andre kvartal 2013 til og med 2. kvartal i 2016. Fråværet ligg framleis på eit høvesvis lågt gjennomsnitt og viser stabilitet andsynes dei kjende årstidsvariasjonane.



Grafikk 2) Fråværsutvikling kvinner og menn - alle einingane frå 2. kvartal 2013 til og med 2. kvartal 2016

Fylkeskommunen sitt overordna mål er å stabilisere sjukefråværet på 5 %. Men dette betyr ikkje at einingane skal ha same målet. Einingane kan godt ut i frå egne føresetnader gjere vedtak om eit endå meir ambisiøst mål. Alle LAMU/einingar er ferdig med/i gang med å opperjonalisere mål og tiltak under kvart av dei tre delmåla i IA-avtalen. Ein styrke vil vere om verksenda sine hmt-mål i samband med systematiske hmt-arbeide (internkontroll) vert samordna med IA-måla. Ein vil med dette oppnå å integrere IA i eininga sitt systematiske helse-, miljø- og tryggleiksarbeid.

4. Konklusjon/tilråding

Registreringane det andre kvartalet viste at vi låg i gjennomsnitt eit halvt prosentpoeng under stabiliseringsmålet på fem prosent. Trenden over tid viser stabilitet på eit høvesvis lågt nivå.

Fylkesrådman opprettheld kravet til at einingar med registret kvartalsfråvær på eller over seks prosent rapporter etter den gjevne malen. Fylkesrådman rår til at hovudsamarbeidsutvalet tek statistikken over sjukefråværet til orientering og ber einingane følgje opp dei sjukmelde og arbeide for å identifisere årsaker og finne mottiltak til fråvær som kan vere arbeidsmiljørelaterte.